



J O Kyte AS
Postboks 7900
5318 Strusshamn

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksbehandlar – tlf.	Arkivkode	Dato
	2006/2326 - 13837/2007	Knut Bjørnevoll - 56 37 56 24	56/10	17.07.2007

Delegert sak

Løyve til tiltak - veg og parkeringsplass - Hopens Vel gbnr 56/10 - Hundvin

Vi viser til søknad om enkelt tiltak, motteken 30.05. 2007 (komplett) og vedlagt:

- Situasjonsplan
- søknad om ansvarsrett
- kvittering for sende/mottekne nabovarsel
- Avtale med grunneigar
- Søknad om dispensasjon
- Søknad om avkjørsle

Brev frå fylkesmannen v/landbruksavdelinga datert 27.06.2007

Brev frå Hordaland fylkeskommune v/kultur- og idrettsavdelinga datert 02.07.2007

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld bygging av parkeringsplass med tilkomst frå kommuneveg. Arealet som går med er vel eit dekar. Området er LNF i arealdelen til kommuneplanen og ligg 50 m frå sjøen .

Hopens Vel representerer eit eldre uregulert hyttefelt med 17 hytter som ikkje har tilfredsstillande parkering. Parkering går føre seg på og langs offentlig veg og på kaien. For å rydda opp i forholda ønskjer velforeninga å byggja parkeringsplass, og dei har fått avtale med grunneigar. 15 naboar er varsla, og det har ikkje komme merknader til nabovarselet.

Fylkesmannen v/landbruksavdelinga viser til markslagkartet og jordvernpolitikken, og rår til at anlegget i større grad vert trekt ut i skogsområdet som høyrer til den same teigen.

Kommentar: Gbnr 56/10 er ein eigedom , der areala ikkje er registrert i Jordregisteret for Lindås. Slik det er skissert, så vil det vera ca 1 dekar overflatedyrka jord som ligg innafor området som er tenkt til parkering, men arealet har ikkje vore nytta på mange år og er no i ferd med å gro til med skog. Resten av arealet som inngår i byggjeplanane er lauvskog.

Å tenkja på parkering annan stad på eigdommen vil føra til store terrenginngrep som totalt sett vil verka negativt på landskapet i området.

Hordaland fylkeskommune v/kultur- og idrettsavdelinga opplyser at det er ingen kjende, automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Vidare ber dei om at ein under arbeidet søkjer å unngå inngrep i/skade på steingarden. Fylkeskommunen har ingen merknader til saka, men ber om at meldeplikt etter kulturminnelova vert teke med i vedtaket.

Vurdering:

Tiltaket vil vera ei betring av miljøet ikkje berre for tiltakshavarane, men også for området.

Administrasjonen meiner at gevinsten for allmenne og private interesser lokalt vert større enn eventuelle skadeverknader for landbruksinteressene og miljøet regionalt/nasjonalt.

Administrasjonen vil difor godkjenna dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen og PBL §17-2 og omdisponering etter jordlova § 9.

Gebyr: Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ Det vert sendt faktura til tiltakshavar. Handsaming av søknad om dispensasjonar er ikkje avgrensa av tidsfristar.

C3.3. Søknadspålyktige tiltak (Pbl§93)			
Basisgebyr søknadssaker, enkel sak			4.100
Dispensasjon C3.2.			8.200
SUM			12.300

Vedtak:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 7 og grunngeving i vurderinga ovanfor, vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanen (pbl § 20-6) og pbl § 17 – 2 .

Med heimel i jordlova § 9, vert det gjeve løyve til omdisponering av areal for bygging av veg og parkeringsplass.

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93 vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreingar på følgjande vilkår :

1. Avkjørsle frå kommuneveg vert godkjend og skal utformast i samråd med kommunen ved VVA teknisk drift (PBL § 66 nr.1 og veglova).
2. Ved funn av automatisk freda kulturminne, må det meldast frå til fylkeskommunen, og alt arbeid må stansast inntil rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet (kulturminnelova § 8, 2. ledd)
3. Tiltaket må ikkje takast i bruk før mellombels bruksløyve/ferdigattest er gjeve (pbl § 99).

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl. § 96).

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.

Følgjande foretak har fått godkjent ansvarsrett:

SØK		J O Kyte AS
UTF/KUT	Anleggstiltak	Tore Håland

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.

Med helsing
Tor Hegle (s)
fagleiar byggesak

Knut Bjørnevoll

Kopi til:

Hopens Vel v/Svein Erik Malkenes Apeltunveien 136 5238 Rådal
VVA teknisk drift Her
Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 Bergen
Hordaland Fylkeskommune, Postboks 7900 5020 Bergen

